Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Nordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Austrheim

Emne: Drikk til maten til kvardags

Bygdelag: Synnevåg

Oppskr. av: Lars K. Dolheim

Gard: Synnevåg

(adresse): Synnevåg

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjøck.

Nysilt mjøck har ikkje vorte bruka som dykk til kvardags frametter. Ein måtte fyrst nytta fløyten av mjøka før ein drakk henne eller nytta henne i mat. Når mjøka vart skumma vart ho fyrst bruka og ei tid før meieria kom, vart skumma mjøck bruka mykje til dyr. t. d. kalvar småsgrisar og liknande. Når meieria kom, vart mest all mjøka seld, men ikkje kringum har bruken av mjøck i hushaldet auka ikkje så lite

Det var sjeldan ein drakk mjøck som leskedrikk utan ein åt.

Den drykken ein laga av mjøck var blandedrikke, søt mjøck var best til det. Elles var saupet som ein fekk når ein kinna smør rekna for ein god drikk. Likeens var surmjøck utan vatn sagt godt. Men om sumaren når folket var på utearbeid trong dei mykje drikka og då vart både saupet og surmjøka oppblanda med vatn

5719

Øl som vart bryggja heime har det
vore svært lite bruka her. Og det var
få som bryggja til sitt sjølve. Dei siste
70 åra har det vel ikkje vore bryggja på desse
kantar.

Kaffien har vore bruka her i lange tider
Men det var lenge før det vart ålmen drykk.
Husmannsfolk hadde lite pengar og hadde
ikkje råd til å bruka rein kaffi. Men
dei laga han av korn og så kjøpte ein
noko hjå handlaren som heitte kaffirot
og sette til, elles fekk borna mjølk.
Så kom meieria og mest all mjølka
vart seld og så kom kaffien og vart
kvardagsdrykk

No kan ein drikka kaffi opp til fire
gonger om dagen i eit hushald.
Dei er føre frukost, frukost ~~non~~, og kveld.

Kaffien får ein kjøpt både malen
og heil. Kjøper ein han heil så mel ein
han så fint som ein kan på kaffikvern-
na, og slær han i kokande vatn, etter
ein har kokt han ei stund trekker ein
han.

Sukker vart ikkje alltid bruka til kvar-
dags, men fløyte har ein i han.
Før i tida hadde ein alltid kandis i
han, men no brukar ein raffinade.
Vispa egg i kaffien kjenner ein
ikkje til

Te drikk ein ikkje så mykje til
kvardag. Det brukar ein mest til
kveld. Og når ein har gjestar brukar
ein mest alltid te til kvelds

5719

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Brennevin bruka ein svert lite her no for tida. Men for kring 100 år sidan var her to brennevinsutsalg her. Det var i skipsleia dei låg, og frå Bergen og hit til var her seks i alt. Desse brennevinsutsalga arma folket heilt ut, og mange gjekk både frå gard og grunn avdi drykken hadde slik makt over folket. Og brennevin hadde ein då ved alle tilstellingar o.l: bryllaup, gravferd barnedåp og så o.likt. Hadde ein mann folk i arbeid hjå seg, slik som husbygging og liknande, så skulle folket alltid ha ein dram før dei tok til med arbeidet om morgonen. Likeeins var det ved dugnad og så o.likt. På fisketurar slik som til Nordland, på Sunnmørsfisket og vårsildfisket hadde ein alltid ut brennevinsanker med. Sidan brennevinshandelen kom bort langs kysten tok drykken av etter kvart.

Av nyare drikk er det helst brus som vert bruka, men nokå kvardags drikk er det ikkje. Det er helst borna som drikk det, og har det årmalsdag syttande mai og liknande.

5719

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING